


NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Proprium og leksikografi	
Forfatter:	Botolv Helleland	
Kilde:	Nordiske Studier i Leksikografi 1, 1992, s. 190-199 Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden, 28.-31. mai 1991	
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive	

© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Proprium og leksikografi

Forfattere drøfter kva plass proprium bør ha i vanlege ordbokverk. Han meiner at ei ordbok som tek sikte på å vera fulldekkjande, også bør ha med proprium. Dei fleste ordbøkene har berre unntaksvis døme frå denne kategorien, og når dei har det, er det ikkje alltid gjeve klare grunnar for utvalet. Dei to viktigaste innvendingane mot å ta med proprium synest vera at materialet er stort og uhandterleg, og at semantikken er innfløkt. Forfattere drøfter dei metodiske vanskanene med å skilja mellom proprium og appellativ. Ei anna sentral problemstilling er korleis ein skal avgjera om opphavlege proprium har gått over til appellativ, t.d. *ford* m. av *Ford*, og i kva omfang slike ord skal takast med i ordbøkene. Han kjem vidare inn på terminologiproblemet i samband med at termen *namn* er nytta om ord i appellativisk funksjon, t.d. *brødnamn* for *brødnemne*. Forfattere konkluderer med at leksikografar og namneganskarar bør drøfta inngåande korleis proprium skal handsamast i ordbokssamanheng.

1. Innleiing

Når eg no ynskjer å ta temaet *proprium og leksikografi* opp til drøfting, er det av di det representerer eit fagteoretisk grensefelt for namnegranskarane like mykje som for leksikografane. At mi eiga avdeling, Avdeling for namnegransking, har dagleg kontakt med Avdeling for leksikografi, gjer ikke emnet mindre aktuelt. Dei to avdelingane har sidan 1944 halde hus saman, rett nok i eit omskifteleg tilvære. I seinare år har samværet vorte fagleg utdjupa, ikkje minst gjennom regelmessige husseminar. Ein del av synspunkta i dette innlegget vart fyrst lagde fram på eit slikt husseminar i 1986. Dei tilsette ved avdelingane har òg utnytta samlingane til kvarandre. Særleg har setelarkivet til *Norsk ordbok* vore nyttig i namnegranskinga, og ordboksfolka har på si side kunna leita fram ordtilfang i stadnamnsamlingane.

Kvar for seg har dei to avdelingane teke opp fagteoretiske spørsmål, men det har vore lite diskusjon om kvar namnegransking sluttar og leksikografi tek til - og omvendt. Dette er eit viktig prinsipielt spørsmål. Dessutan har det praktiske konsekvensar for avgrensinga av tilfanget i ordbøkene. Eit avsnitt i innleiinga til *The Oxford English Dictionary* (b. 1:XXVII) gjev ein peikepinn på problemfeltet:

In addition to, and behind, the common vocabulary, in all its diverging lines, lies an infinite number of *Proper* or merely *denotative* names, outside the province of lexicography, yet touching it in thousands of points, at which these names, and still more the adjectives and verbs formed upon them, acquire more or less of connotative value. Here also limits more or less arbitrary must be assumed.

I si velkjende handbok i leksikografi seier Bo Svensén at ein ikkje skal bannlysa personnamn og geografiske namn i språklege ordbøker. "Namn tillhör språket, och deras formella egenskaper (stavning, uttal, böjning etc.) hör i högsta grad hemma i en ordbok" (Svensén 1987:38). Like fullt er det lett å slå fast at proprium spelar ei underordna rolle i dei fleste ordbøkene. Viktigaste grunnen til dette er venteleg den spesielle semantiske funksjonen til

proprium (i tillegg til den store mengda av namn som finst). Fleire granskarar hevdar at proprium ikkje har tyding (intensjon) i ein vanleg kontekst. Klaus Hilgemann (1974:372) seier det slik: "Während die Bedeutung von Appellativen als Definition in einem Lexikon erscheinen kann, lässt sich die Bedeutung eines Eigennamens nicht lexikalisch erfassen". Han meiner at eit proprium ikkje har noko allment, beskrivande innhald (tyding) ut over den funksjonen det har som namn. Andre meiner at som språklege teikn må også namn ha ei tyding ut over referansen (altså ikkje berre denotasjon, men også konnotasjon).

Trass i den semantiske ulikskapen mellom proprium og andre språklege storleikar må ein godta at dei er *ord* i språket. Dei er ei undergruppe av substantiva og må beskrivast som andre ordklassar. Eg ser såleis ei sjølvmotseiing i nærast programmessige titlar som "Name into Word. Names That Have Become Common Property" (Partridge 1949) og *Fra ord til navn* (Tveitane 1983). Her kan eg òg ta med Frederic G. Cassidy (1984:402), som hevdar at "A name is not a word. Words designate classes; names places, or things". Men dersom ei ordbok har som mål å samla alt ordtilfang i eit språk, høyrer også namna med. Dei praktiske vanskane med å samla og ordna alt namnetilfang, ta stilling til homonymi, variantar osv., let eg liggja her.

I ei ordbok vil det vera den historiske (etymologiske) tydinga av eit namn som er mest aktuell - i tillegg til opplysningar om kva det er namn på. Dessutan kan det vera aktuelt å ta stilling til kva motiv som har lege til grunn for det einskilde namnet då det vart til (namnesemantisk tyding), altså om t.d. *Hesthammar* tyder 'formasjon som liknar ein hest', 'stup der ein hest har falle utfor', 'ufs der dei kunne ta seg fram med hest' e.l.

Om ein no likevel vel å halda proprium utanfor - som dei fleste ordbøkene gjer - må ein føreta ein grensegang mellom namn på den eine sida og anna ordtilfang på den andre. Den tyske leksikografen Dieter Nerius (1985:295) peikar på ei "Grenzzone" der nemningar for planter, dyr, sjukdomar, hendingar, produkt o.l. har klassifiserande funksjon og fell i gruppa for appellativ, medan ord for t.d. organisasjonar og institusjonar har identifiserande funksjon og er å rekna for proprium. Etter Nerius høyrer den fyrste gruppa heime i ordbøkene, men ikkje den andre, bortsett frå proprium som har fått appellativisk funksjon. Eit slikt appellativisert proprium er t.d. *kneipp* m.

Eg kjem attende til denne ordtypen nedanfor. Eit spørsmål som meir indirekte er relevant for temaet mitt, er den terminologiske bruken av *namn* i staden for *nemne* (bokmål/dansk *betegnelse*, svensk *beteckning*), t.d. *plantenamn*, *brødnamn*. Også dette vil eg koma attende til.

2. Eit klassifikasjonsproblem: Proprium - appellativ

Det finst fleire kriterium på kva som skil proprium frå appellativ. Den reint grafiske skilnaden kjem fram i bruken av stor førebokstav i proprium. Det gjeld t.d. ikkje tysk, som har stor førebokstav i alle substantiv. Proprium har vore definert på ulike måtar i høve til appellativ, m.a. ved at eit namn ikkje vert bøygd i kjønn og tal, at det alltid er bestemt (syntaktisk), at det er individualiserande, men ikkje klassifiserande, at det er tydingslaust. Det har vist seg vanskeleg å få desse kriteria til å fungera som vasstette skott mellom dei to kategoriane.

Eg har i ein annan samanheng (Helleland 1987) drøft propriets sin status i høve til appellativ, og den fylgjande diskusjonen byggjer på framstillinga der. Dei aller fleste namna synest ha oppstått av ikkje-proprialt ordmateriale. Ein kan sjå namnelaginga som resultat av ein "proprialiseringsprosess". Men om denne prosessen har skjedd over ein fase med "halv-appellativisk" funksjon av t.d. eit opphavleg appellativ, eller om propriumsfunksjonen har

oppstått individuelt og spontant, er det ei viss usemje om. Andersson (1973:152) talar om "gränzonen mellan egennamn och appellativ; någon skarp gräns kan inte dras mellan de två substantivkategorierna".

Sjølv meiner eg at anten fungerer eit språkleg uttrykk som eit proprium, eller så gjer det det ikkje. Etter mitt syn er det difor gale å snakka om "grader" av proprium. Det er konteksten, dvs. språkbrukaren, som avgjer funksjonen. Same språkbrukar kan visseleg bruka eitt og same språklege uttrykk med ulik funksjon, men ikkje samstundes. At det i mange høve kan vera ugreitt å avgjera kva for kategori det er tale om, ser eg på som eit analyseproblem.

3. Appellativ av proprium

Ei gruppe ord som kan valda problem for ordboksredaktøren, er dei som har oppstått av proprium. Problemet her er for det fyrste å avgjera om eit ord er appellativisk, og for det andre om det i så fall bør koma med i den aktuelle ordboka.

Innbyggjarnemna er illustrerande i så måte. Dei fleste er avleidde av stadnamn, altså proprium, men ut frå sin funksjon er dei appellativ og dermed i prinsippet kvalifiserte til å koma med i ordbokssamanheng (eg kjem attende til terminologien under bolk 4). Dette er ein talrik ordflokk etter som kvart bustadnamn kan gje opphav til eit nemne for innbyggjar. Men av dei ca. 50 000 gardsnamna i landet (rett nok mange likelydande) er det berre ein del som har resultert i allment kjende innbyggjarnemne. I ordbøkene er det truleg berre nemne laga til distriktsnamn og kommunenamn, mogeleg òg soknenamn og tettstadnamn, som det er aktuelt å ta med. t.d. *mandalitt*, *sogning*, *tunesokning*, *tyssedalning*. Eit utval av desse står elles i *Norsk stadnamnleksikon*.

Ein annan type propriumsrelaterte appellativ er slike som er samansette av eit proprium pluss eit appellativ, t.d. *vestlandsbonde*, *oslodame*, *odelstingsproposisjon*, *sigdalsfrukost*, *eidfjordmål*, *geilomøte* (ei tidlegare årviss forsamling av kristne organisasjonar), *holmenkollrenn*. Av desse er dei fire fyrste førte opp i t.d. *Nynorskordboka*. Når dei tre siste ikkje har kome med, er det sjølv sagt eit val redaktørane har gjort. Prinsipielt er det ikkje nokon skilnad på dei - dei fungerer alle som appellativiske samansettingar. I ordbøkene synest kravet til optak av orda å vera at dei skal ha ein viss allmenn bruksfrekvens, noko som ofte må vera vanskeleg å avgjera. Somme ord har berre forbigåande aktualitet, t.d. er *sigdalsfrukost*, *geilomøte* ord for alt no meir eller mindre historiske tilhøve, og då har dei straks lågare prioritet. Dersom redaktørane hadde hatt tilgjenge til representative frekvensordlister for norsk, ville dei hatt eit sikrere grunnlag for utveljinga.

Samansettingar av det ovannemnde slaget vert ofte skrivne med stor førebokstav av stadnamnet pluss bindestrek, altså *Sigals-frukost*, *Eidfjord-mål*, *Geilo-møte*, *Holmenkoll-renn*. Ein slik skrivemåte er vanleg så lenge ikkje samansettingane vert oppfatta som "reine" appellativ. Det gjeld framfor alt dei mange ad hoc-lagingane som florerer i moderne avisspråk. Men denne grafiske ulikskapen endrar ikkje på den grammatiske strukturen. Det dreiar seg om appellativ der stadnamnet fungerer som adjektivisk underledd til hovudleddet (*frukost*, *mål*, *møte*, *renn*). Rett nok kan dei same språklege storleikane ha funksjon av proprium, t.d. *Geilomøtet 1989* som namn på ei viss tilskiping, men ein slik funksjon må avgjerast ut frå konteksten.

Ei anna stendig aukande gruppe appellativ er dei som har oppstått direkte av proprium. Til dei allment kjende og fagleg uproblematisk høyrer ord som *disel* m., *quisling* m., *røntgen* m., *volt* m., *watt* m. Ingen tenkjer å skriva desse med stor førebokstav inne i ei setning.

Mindre sjølvstakt kan det synast med liten førebokstav i produktord som *ford*, *walkman* (lommeradio med øyretelofonar), *brøyt* (gravemaskin). Men også desse fungerer som appellativ. Ein kan t.d. seia og skriva "forden kolliderte". Derimot bør ein rekna med *Ford* som namn på "prototypen" av dette bilmerket - og av den enkelte modellen med sine spesifikasjonar (overført frå namnet på grunnleggjaren *Henry Ford*). Ei samling på ikring 3000 engelskspråklege appellativiske nemningar med opphav i proprium er lagt fram av Eric Partridge (1949).

Ord for brød kan vera eit godt utgangspunkt for å drøfta appellativiseringsprosessen ved produktamn. Det mest kjende dømet er det ovannemde ordet *kneipp* (*kneippbrød*), som går attende på den tyske lækjaren og presten Sebastian Kneipp (1821-97), kjend for sine helsekurar og brøddoppskrifter. (At *Kneipp* som slektsnamn reflekterer nedertysk *knîp* 'skomakarkniv', er interessant nok, men uviktig i denne samanhengen.) Andre døme på personnamn som har gjeve opphav til brødnemne, er *Graham*, *von Krogh*, *Marianne Rykke*. I somme høve ligg stadnamn til grunn for brødnemne, t.d. *Alaska*, *Bergen*, *Beito*, *Bislett*. I samband med ei gransking av ord for brød (Helleland 1990) bad eg ei gruppe studentar og tilsette ved Universitetet i Oslo om å setja stor eller liten førebokstav på ca. 60 ord for brød i ein kontekst der det aktuelle ordet ikkje stod fyrst i ei setning. Svara varierte sterkt, frå mest berre stor førebokstav til mest berre liten førebokstav. Men det var ein viss dominans for stor førebokstav når brøddordet gjekk attende på namn som er lette å identifisera, t.d. "*Alaska*(brød)". Konklusjonen av dette er, svært forenkla, at folk oppfattar namnekarakteren ved slike ord på ulik måte. Typen *kneipp* er likevel så innarbeidd som nemne at få oppfattar det som eit proprium.

Sjølv om altså ord for brød må reknast til appellativa, har dei som andre produktord propriale uttrykk som base. Til og med gjennomsliktige samansetningar som *grilloff*, *ferdabrød* representerer etter mitt syn ei opphavleg namnelaging i og med at dei må ha vore nytta om ei nyskaping. *Ferdabrød* vart såleis namngjeve i samband med ein brødkonkurranse på Island for ein del år sidan (oppløyst av Baker- og konditormestrenes landsforening). Den tyske namnegranskaren Dieter Berger (1976:377) har argumentert for at ord for produkt (varemerke) er proprium. "Sprachlich gesehen geht es auf einen Namengebungsakt zurück, der die Einmaligkeit der Erfindung oder der Herstellungsweise betonen will". Berger tenkjer då på "prototypen", men han aksepterer at når det finst fleire eksemplar av produktet, må det språklege uttrykket for det klassifiserast som appellativ.

Det teoretisk problematiske punktet er når namnet på ein prototype (*Ford*, *Kneipp*, *Ferdabrød*) går over til å fungera som appellativ. Dersom me tek for oss *dovrebrød*, laga til stadnamnet *Dovre*, så har den eller dei som har valt dette som produktamn, på eit eller anna stadium gått ut frå **Dovrebrød* som namn på produktideen og prototypen. Fyrst når det vert produsert fleire eksemplar under dette språklege uttrykket, kan ein seia det har vorte eit appellativ. Men det vil gjerne gå ei viss tid før ordet er så godt innarbeidd i språket at det vert aktuelt å ta det opp av ordboksredaksjonane. Eg kan nemna at av dei vel 300 brødnemna eg har drøft i den nemnde artikkelen, har eg funne berre ca. 15 i *Nynorskordboka*.

Dersom ordboksredaktørane tek konsekvensen av den svære tilveksten av appellativiske lagningar av opphavlege proprium, vil talet på oppslagsord måtta auka sterkt. Det gjeld ikkje berre dei allment kjende nemna av typen *kneipp*, *walkman*, *ford*, men òg det breie spekteret av ord for vareslag som *pepsi* (*Pepsi Cola*), *omo* (*Omo*), *pepsodent* (*Pepsodent*), *sunlight* (*Sunlight*). Her kan ein òg ta med dei mange bokstavorda av typen *nyco* (*Nyco*), laga til firmanamnet *Nygård og Co* (sic!) (jf. Grytdal 1937:192). Eit juridisk problem er at mange av desse orda er varemerke, og det har kome reaksjonar frå einskilde produsentar på at

ordbøkene ikkje skil mellom "frie" ord og varemerke. Såleis har Norsk Hydro reagert overfor Norsk språkråd på at *fullgjødsel* er ført opp utan opplysning om varemerke (munnleg opplysning av amanuensis Boye Wangensteen).

4. Eit terminologiproblem: Namn - nemne

Sjølv om ordboksredaktøren har greidd å skilja mellom proprium og appellativ, står det att eit terminologisk problem som kan forvirra. Det gjeld *namn* nytta som *nemne* (*nomen communis*). I det daglege ordboksarbeidet representerer dette neppe noko problem, men det har prinsipiell interesse å drøfta spørsmålet. I det namnefaglege miljøet i Norden har det i dei siste åra vore ein del diskusjon omkring terminologien på dette punktet. Såleis har Thorsten Andersson (1983:11) på eit symposium om personnamnterminologi gått inn for at "termen *namn* ... bör begränsas till att gälla *egennamn*". På eit symposium i Umeå i 1988 om plante-namn vart dette spørsmålet på nytt teke opp, og der argumenterte både Sigurd Fries (1990:9ff) og andre sterkt for at ein ut frå omsynet til fagtradisjon og allmenn språkbruk må akseptera *namn*, t.d. "*växtnamn*", brukt i appellativisk funksjon. For same kva språkgranskarane hevdar, vil *namn* framleis vera vanleg term i folkeleg språkbruk om ei rekkje appellativgrupper. Botanikarar og zoologar vil som før operera med *plantenamn* og *dyrenamn* i sine artsoversyn - som bakarane opererer med *brødnamn*. Dessutan er *namn* kortare og lettare enn lange ord som *betegnelse* (dansk, bokmål) og *beteckning* (svensk). Her har nynorsk rett nok den kortare termen *nemne* (i tillegg til *nemning*).

Denne terminologiske ugreia gjer seg særleg gjeldande ved ord for innbyggjar, t.d. *bergensar*, *odding*, *opedøl*, altså ord som i tradisjonell språkbruk vert rekna som *innbyggjarnamn* (i fagspråket stundom *inkolentnamn*). Her får me nemleg i tillegg det problemet eg har peikt på ovanfor med å skilja mellom proprium og appellativ. Ola Stemshaug (1983) har diskutert "termar for nemning av innbyggjar" og kome til at samletermen *innbyggjarnamn* bør nyttast for heile ordgruppa, og at *innbyggjarnemning* bør reserverast for den appellativiske delen av ordgruppa (Stemshaug 1983:153). Det skiljet Stemshaug gjer framlegg om, synest noko uklart og terminologisk ikkje heilt heldig. Det er vel heller ikkje semje om at det språklege uttrykket for ei folkegruppe kan reknast som proprium. Eg er klar over at det finst eit grenseområde der det kan vera vanskeleg å avgjera kva grammatisk kategori uttrykket høyrer til, t.d. den typen som Stemshaug nemner *gardsfolknamn* 'folket på ein gard'. (Etter mitt syn høver *husfolknamn* betre av di det ikkje alltid er tale om folk på ein gard. Evert Melerfors (1983:13) føreslår *husbondenamn* og reknar denne typen som proprium.) Dersom det språklege uttrykket for slike storleikar kjem i klasse med t.d. *tilnamn*, altså at dei er å sjå på som faste, ubøyelege uttrykk for ei persongruppe, er eg samd i at *namn* vil vera ein korrekt term. Men dersom ein ved analysen kjem til at dei likevel er appellativiske uttrykk, vil *gardsfolknemnel-nemning* (eller etter mitt framlegg *husfolknemnel-nemning*) vera rettare termar.

Døme på ei slik "minigruppe" er folket på gardsbruket *Kiken* i Ullensvang. Dei vert omtala som *Kikanel/kikane*, *Kikafolket/kikafolket* eller *Kika* og *deilkika* og *dei* (med stor eller liten førebokstav etter kva kategori ein vel å sjå uttrykka). Eit argument for at me her har med proprium å gjera, er at typen *Kikanel/Kikafolket* vanlegvis førekjem ubøygde. Men ein kan òg seia at "*ein kike* var òg med", "det kom *kikafolk* etter vegen" kan tenkjast. I dei to siste døma opptrer orda i appellativisk funksjon. *Kikanel/kikane*, *Kikafolket/kikafolket* er altså homonyme storleikar (jf. Dalberg 1985) der den propriale motsett den appellativiske funksjonen er avhengig av konteksten. Sameleis kan ein omtala ein person frå *Opedal* med det appellativiske

uttrykket (innbyggjarnemnet) *opedølen*. I ein annan kontekst kan *Opedølen* vera fast tilnamn på ein person frå Opedal, sameleis som *Kiken* kan vera tilnamn på ein person frå gardsbruket *Kiken*.

5. Proprium i ordbøker

I artikkelen "Om historisk lexicografi av typ SAOB" gjev Hans Jonsson (1983:127ff) eit oversyn over korleis *Svenska akademis ordbok* og andre ordboksverk er redigerte. Jonsson skil mellom 1) samtidsordbøker t.d. *Nudansk Ordbog*, 2) eldrespråksordbøker, t.d. *Ordbog til det ældre danske sprog*, og 3) samtids-eldrespråksordbøker, t.d. *SAOB*. Den siste typen tek m.a. opp eldre og yngre former og tydingar av like eller nærskylde ord. Jonsson kjem ikkje inn på avgrensinga i høve til proprium, men Sture Hast (1983:188) seier at "Namn utan användning som appellativer (personnamn, ortnamn, marknamn) medtas ej". Derimot vert namn med funksjon som appellativ og samansetjingar og avleiingar til namn tekne med.

Ordbog over det danske sprog drøfter i eit kort avsnitt (b. 1:XXV) "egennavne, egentlige nomina propria" og meiner at dette ordstoffet "der i og for sig har en overordentlig interesse, baade sprogligt og kulturhistorisk, er holdt udenfor de fleste modersmaalsordbøger, selv de meget store". Sjølv har dette verket med berre poetiske namn og appellativ av opphavlege namn.

Ei moderne ordbok med særleg rikholdig propriumstilfang er *Nudansk Ordbog*. Her er mange både stadnamn og personnamn førte opp med språkhistoriske forklaringar. Denne ordboka gjev såleis, rett nok med sitt moderate omfang på to ikkje særleg store band, eit representativt tverrsnitt av det mest frekvente ordtilfanget i dansk språk.

Det store norske ordboksverket *Norsk Ordbok* gjev fylgjande korte fråsegn om proprium: "S t a d n a m n og andre sernamn er til vanleg ikkje medtekne i ordbøker av dette slaget, såleis heller ikkje her¹. Av ibuarnamn er det teki med eit utval, og elles er det i artiklane om dei vanlegaste namnelekkane (som *bu(e)*, *-dæling*, *-døl*, *-døling* osfr.) teki med døme på ibuarnamn med slik sistelekk" (her er altså den tradisjonelle, men fagleg sett uheldige termen "ibuarnamn" nytta). Eittbindsverket *Nynorskordboka* har ikkje med proprium og seier heller ikkje noko om denne kategorien.

I fortalen til *Norsk Ordbog* (Aa) seier Ivar Aasen (s. XV) at han har teke med ein del språkhistorisk viktige ord "som kun høres i Stedsnavne og Personnavne, og hvis Betydning mange kunde ønske at vide" (med tillegg i fotnote om at det gjeld slike som *Ang*, *Lo*, *Vin*, *Gunn*, *Leiv*, *Mund*, *Rid*, *Vald*). Men han understrekar at det gjeld få ord, etter som alle dei som vert brukte i eineståande namn, er forbigått: "Ligeledes er alle virkelige Egennavne (eller Proprier) udeladte, uden for saavidt som de kunde nævnes i Forklaringen ved de Ord, som afledes af saadanne Navne."

Hans Ross har i si *Norsk Ordbog* (Ro) ikkje uttrykt noko særskilt om proprium, bortsett frå at han (s. XV) seier at "Stedsnavnene er i det væsentlige skrevne efter Egnens Udtale, undertiden med nogen Tillempning til den gamle Form", men her er det venteleg tale om stadnamn nytta som lokalisering og ikkje som døme. Han har likevel med ikkje så få oppslag der eit stadnamn ligg til grunn for oppslagsordet, og der stadnamn er nytta som døme på bruken. Stundom kan det vera vanskeleg å avgjera om eit oppslag er heimla som proprium eller appellativ, som når han under *Nyk* m. har forklaringa "steil Bjergknold=Nuk". Under *Nuk* m. i *Tillæg* og *Rettelser* fører han opp "høi Bjergknold. Isl. *hnjúkr* - Helg. Hertil, og til *Nyyk*: "Njeutkjinn", Navn paa en Fjeldtop i Voss (Ævaanga), og "Knyytkjinn", en do. i Ndm.

(Surnadal)." (I kartoteket til Norsk Ordbok er det eit par døme på at *nyk* m. er ført opp som appellativ, men i båe høve med tilvising til visse fjell.)

Ordbog over det gamle norske Sprog av Johan Fritzner har prinsipielt ikkje med namn i oppslagsform, men tilvising til stadnamn i døme som *ló* f. "i Bygdenavnet *Lóar*" (b. 2, s. 550), *sygnir* "Mænd fra Landskabet Sogn i Norge, deraf *Sygnafylki*" (b. 3, s. 629). Og om ordet *anгр* m. er fylgjande opplyst: "Fjord, Bugt, forekommer dog kun i Stedsnavne" (b. 1, s. 56). *Gamalnorsk ordbok. Med nynorsk tyding* (1930 og seinare) av Leiv Heggstad har derimot med eit stort tal gamalnorske stad- og personnamn. Under oppslagsordet *rust* f. er det t.d. vist til *í Rustum*. (Men i den reviderte utgåva *Norrøn ordbok v/ Heggstad, Hødnebo og Simensen frå 1975* er oppslaget, vel med grunnlag i etymologiske ordbøker, endra til *Rústum* "dat. i stadn.", altså til eit ord med opphavleg lang vokal. Det er såleis noko misvisande når det her samstundes er referert til nyno. *rust* f. 'holt, liten skog', som har opphavleg kort vokal (ikkje belagt i gamalnorsk).

I ein instruktiv artikkel om namnestoff i ordbøker seier Ebba Hjorth (1979:39) at *Gammeldansk Ordbog* fylgjer prinsippet om at "proprier i funktion som proprier ikke optages i ordbogen, men at sted- og personnavne i funktion som appellativer medtages, at adjektiver afledt af stednavne og sammensætninger med stednavne som førsteled medtages, samt at indbyggernavne er appellativer og selvfølgelig derfor kommer med". Ho meiner (s. 45) at proprialt ordstoff kan auka kunnskapen om ordtilfang som elles er svakt dokumentert. Om eit ord ikkje er belagt som appellativ i perioden for *Gammeldansk Ordbog* (1100-1515), men berre som proprium eller del av eit proprium, bør det takast med om det ut frå anna nordisk språkmateriale er grunn til å tru at det har eksistert, t.d. **løn* m. i stadnamnet *Lønholt*, skrivne in *Lønholtæ* 1348.

For dei etymologiske ordbøkene kan stadnamn ha særleg interesse. Alf Torp har i si *Nynorsk etymologisk ordbok* ei rekkje døme på ord som er relaterte til stadnamn. Under *núp* (s. 464) har han t.d. vist til shetlandsk *nup* "'bratt fjeldtop', som stedsnavn". Om *herad* seier Torp at det finst "mest i navn, som Gransherad" (s. 210). Liknande døme vil ein finna fleire av. *Svensk etymologisk ordbok* av Elof Hellquist har med "Ett stort urval av *förnamn* och ett mindre av *ortnamn* och *familjenamn*" (s. VI). I *Wortbildungslehre* nyttar Wolfgang Meid ofte person- og stadnamn til å visa døme på avleiing.

Eg skulle gjerne sjå eit nytt norsk etymologisk oppslagsverk som femnde om alt heimla ordmateriale, òg materiale som berre finst i namn, t.d. eit øynamn som *Huglo* (til same rot som haug, jf. tysk *Hügel*), og eit elvenamn som *Kinso* (til *kinn* f. om bratt fjellside). Her kunne ein tenkja seg namnet i si noverande form som oppslagsord, eller ei konstruert eldre form forsynt med asterisk. Det siste har t.d. *Norske Gaardnavne* gjort med dei mange konstruerte orda som er postulerte i stadnamn.

6. Namneleksikon og namnesamlingar

Når det gjeld leksikalske oversyn over *namn*, finst det fleire som tek for seg personnamn (førenamn). *Norsk personnamnleksikon* gjev flest språklege opplysningar. *Norsk stadnamnleksikon* har forklaringar om dei viktigaste stadnamna i landet. Danmark har eit tilsvarende oppslagsverk i *Dansk Stednavneleksikon*. Dei norske gardsnamna er lagde til rette og forklara i Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne*. Ut over dette ligg det føre ein omfattande vitskapleg litteratur der personnamn og stadnamn er drøfte typologisk og semantisk.

Av meir komplette *namnelister* over personnamn (førenamn og slektsnamn) utan tydingsopplysningar nemner eg *Personregisteret* i Statistisk sentralbyrå med fullstendig oversyn over personnamn i bruk. Den tidlegare *Grunnboka*, no ein del av *Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret* (GAB) inneheld namn på ein stor del av eigedomane i landet. Statens kartverk har eit databasert register over namn på hovudkartserien i 1:50 000 (N50). Kartverket har som mål å leggja alle stadnamn på offentlege kart inn i eit sentralt databasert register. Namnearkiva i samarbeid med regionale og lokale instansar arbeider med å oppretta ein *norsk stadnamnbase* som skal utgjera eit framtidig grunnlag for gransking og utgjeving av stadnamn. Også andre namnegrupper går inn i samlingane, t.d. tilnamn og husdyrnamn. Namn som til no har vore av mindre interesse for namnearkiva, er slike som gjeld transportmiddel, institusjonar, tiltak, kunstverk og andre produkt. Like fullt dreiar det seg om eit namnegods som spelar ei viktig rolle i daglegspråket vårt. Noko samla register over alle desse namna finst ikkje - her må ein gå til ulike instansar for skaffa seg oversyn. Men eit omfattande leksikon med tydingsopplysningar av alle namn - på line med ikkje-proprialt ordtilfang - er førebels ikkje noko konkret prosjekt.

7. Sluttord

Både leksikografen og namnegranskaren ber vel inst inne på ein draum om at alt ord- og namnemateriale skal gjerast tilgjengeleg i oppslagsform og i kontekst. Draumen kan neppe nokon gong realiserast fullt ut, men den maskinelle ordboksteknologien opnar for store perspektiv. I dei framtidige elektroniske ordbøkene kan ein tenkja seg at propria får sitt rom saman med det ikkje-propriale ordtilfanget med tilhøyrande tydingsforklaringar, bøyingsformer og bruksopplysningar. Av ein slik grunndatabase kan det så genererast ordbøker for ulike spesialområde.

Om eit altomfattande leksikon både prinsipielt og praktisk enno i lang tid må vera eit diskusjonstema, er det eit anna felt der samarbeidet mellom ordboksfolk og namnegranskarar bør gje snøgge resultat, og det er i utnyttinga av ord som i dag berre er registrert i namn. Både stadnamn og andre namnegrupper inneheld ord som elles ikkje er belagt. I hovudoppgåver og andre vitenskaplege framstillingar om namn finst det til saman mange slike ord, for ikkje å snakka om materiale som ikkje er vitenskapleg handsama eller ikkje eingong innsamla.

Etter mitt syn burde leksikografar og namnegranskarar koma saman og drøfta dette spørsmålet. For eit verk som *Norsk Ordbok* ville det vera mykje å vinna ved ei slik utviding. At det enno står att mykje registreringsarbeid før den norske ordskatten er gjort tilgjengeleg, bør ikkje vera til hinder for eit slikt samarbeid.

Notar

1. Magne Myhren, ein av redaktørane i *Norsk ordbok*, opplyser at han i manuskriptet under bokstaven *g* har teke med *grev* n. 'utgravi dokk', med tilvising til Gustav Indrebø: *Norske innsjønamn i Buskerud fylke*, Oslo 1933, s. 64. Etter Indrebø er ikkje ordet kjent utanom stadnamn.

Litteratur

- Andersson, Thorsten. 1973. Om ortnamn och ortnamnsforskning. I: *Namn och bygd* 61: 148-170. Uppsala.
- Andersson, Thorsten. 1983. Personnamn. Till begreppets avgränsning. I: *Personnamsterminologi. NORNAs åttonde symposium i Lund 10-12 oktober 1981*. NORNA-rapporter 23. Redigerad av Göran Hallberg, Stig Isaksson och Bengt Pamp: 9-22. 1983. Uppsala.
- Cassidy, Frederic G. 1984. The Etiology of Place Naming. I: *Names*. Vol 32, No. 4: 402-406. New York, NY.
- Berger, Dieter. 1976. Zur Abgrenzung der Eigennamen von den Appellativen. I: *Beiträge zur Namenforschung*. Neue Folge 11 (1976): 375-387. Heidelberg.
- Dalberg, Vibeke. 1985. On Homonymy between Proper Name and Appellative. I: *Names*. Vol. 33, No. 3: 127-135. New York, NY.
- Dansk Stednavneleksikon = Jørgensen, Bent. *Dansk Stednavneleksikon*. [1] *Øerne øst for Storebælt*. København. 1981. [2] *Jylland - nordlige del*. København. 1982. [3] *Jylland. Sydlige del. Fyn med omliggende øer*. København. 1983.
- Fries, Sigurd, red. 1990. *Om växtnamn. Tio föredrag vid växtnamnssymposiet i Umeå den 6-7 december 1988*. Nordsvenska. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Umeå universitet. Umeå.
- Gamalnorsk ordbok = Heggstad, Leiv. *Gamalnorsk ordbok. Med nynorsk tyding*. Ny umvølt og auka utgåve av "Gamalnorsk ordbok" ved Hægstad og Torp. Uendra opptrykk av 2. utg. (1930). Oslo 1963. Revidert utg.: *Norrøn ordbok*. Ved Finn Hødnebo og Erik Simensen. Oslo. 1975.
- Grytdal, Normann. 1937. Bokstavordene i språket vårt. I: *Maal og Minne*. Norske studier. Utgitt av Bymaalslaget: 187-193. Oslo.
- Hast, Sture. 1983. Om SAOB:s material. I: *Nysvenska studier*. Tidskrift för svensk stil- och språkforskning. 63: 159-192. Uppsala.
- Helleland, Botolv. 1987. Namn og nemne (NN). Eit leksikalsk-onomastisk problem. I: *Namn og Nemne* 4 (1987): 23-32. Øvre Ervik.
- Helleland, Botolv. 1990. Ord på vårt daglege brød. I: *Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989*: 77-100. Oslo.
- Hilgemann, Klaus. 1974. Eigennamen und semantische Strukturen. I: *Beiträge zur Namenforschung*. Neue Folge 9 (1974): 371-385. Heidelberg. Også I: *Reader zur Namenkunde 1. Namentheorie*. Utg. av Friedhelm Debus og Wilfried Seibicke: 21-40. Hildesheim-Zürich-New York. 21-40.
- Hjorth, Ebba. 1979. Om udnyttelse af navnestof i ordbøger. Proprier i Gammeldansk Ordbog. I: *Danske studier*. København. 39-49.
- Jonsson, Hans. 1983. Om historisk lexikografi av typ SAOB. I: *Nysvenska studier*. Tidskrift för svensk stil- och språkforskning. 63: 127-158. Uppsala.
- Melefors, Evert. 1983. *Byngen, Smissen och Listar. Inbygggarbeteckningar på Gotland, I. Typologi och ordbildning*. Studier till en svensk ortnamnsatlas utgivna av Harry Ståhl. 13. Uppsala.
- Nerius, Dieter. 1985. Zur Stellung der Eigennamen in Wörterbüchern der deutschen Gegenwartssprache. I: *Symposium on Lexicography II. Proceedings of the Second International Symposium on Lexicography May 16-17, 1984 at the University of Copenhagen*. Edited by Karl Hyldgaard-Jensen and Arne Zettersten. Lexicographica. Series Maior 5: 287-301. Tübingen.

- Norske Gaardnavne = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*. Kristiania. 1897-1924.
- Norsk Ordbog (Ro) = Ross, Hans: *Norsk Ordbog. Tillæg til "Norsk Ordbog" af Ivar Aasen. Tillæg og Rettelser*. Christiania 1895.
- Norsk Ordbog (Aa) = Aasen, Ivar: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. 2. utg. Christiania. 1873.
- Norsk Ordbok = Beito, Olav T. et al. (red.): *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. 1-. Oslo. 1966-.
- Norsk riksmålsordbok = Knudsen, Trygve et al. (red.): *Norsk riksmålsordbok*. Utgitt av Riksmålsvernet. 1-2. Oslo 1937-57.
- Norsk personnamleksikon = Stemshaug, Ola (red.): *Norsk personnamleksikon*. Oslo. 1982.
- Norsk stadnamleksikon = Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamleksikon*. 3. utg. Oslo. 1990.
- Nynorsk ordliste = Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. Større utgåve. Oslo. 1990.
- Nynorskordboka 1986 = Hovdenak, Marit et al. (red.): *Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Utarbeidd av Avdeling for nynorsk ved Norsk leksikografisk institutt, Universitetet i Oslo, i samarbeid med Norsk språkråd. Oslo.
- Nynorsk etymologisk ordbok = Torp, Alf: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania. 1919.
- Ordbog over det danske sprog = *Ordbog over det danske sprog*. 1-28. Udgivet af Det danske Sprog- og Litteraturselskab. København. 1918-56.
- Ordbog over det gamle norske Sprog = Fritzner, Johan: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. I-III. 4. utg. nytt og uforandra opptrykk av 2. utg. (1883-96). Oslo 1973. B. IV. *Rettelser og tillegg*. Ved Finn Hødnebo.
- Partridge, Eric. 1949. *Name into Word. Proper Names That Have Become Common Property. A Discursive Dictionary*. London.
- Stemshaug, Ola. 1983. Termar for nemning av innbyggjar. *Personnamnsterminologi*. NORNA-rapporter 23: 145-157 (sjå Andersson 1983).
- Svensén, Bo. 1987. *Handbok i lexikografi. Principer och metoder i ordboksarbetet*. Stockholm.
- Svensk etymologisk ordbok = Hellquist, Elof: *Svensk etymologisk ordbok*. Lund. 1948.
- Tanums store rettskrivningsordbok = Fossetøl, Bernt og Marius Sandvei: *Tanums store rettskrivningsordbok*. Bokmål. 7. utg. Oslo. 1989.
- The Oxford English Dictionary = *The Oxford English Dictionary. A New English Dictionary Based on Historical Principles*. 1-12. Oxford University Press. London. 1970.
- Tveitane, Mattias. 1983. *Fra ord til navn. Språklig navnegransking*. En artikkelsamling ved Mattias Tveitane. Bergen-Oslo-Stavanger-Tromsø.
- Wortbildungslehre = Krahe, Hans, og Wolfgang Meid: *Germanische Sprachwissenschaft. III. Wortbildungslehre* (Wolfgang Meid). Band 1218/1218a/1218b. Berlin. 1967.